



KVINNHERAD
KOMMUNE



PLANPROGRAM

KOMMUNEPLAN

Samfunnsdel og arealdel

Føreord av Ordføreren

1	FØREMÅL OG BAKGRUNN	4
1.1	Mandat	4
1.2	Bakgrunn	4
1.3	Kva er ein kommuneplan?.....	4
1.4	Felles planprosess for samfunnsdel og arealdel	5
2	ORGANISERING OG MEDVERKNAD	5
2.1	Organisering	5
2.2	Opplegg for medverknad.....	5
2.3	Framdriftsplan	6
2.4	Vidare prosess	7
2.5	Utgreiingar.....	7
2.6	Ressursbehov.....	7
3	Føringar	7
3.1	Nasjonale føringar og retningslinjer.....	7
3.2	Regionale føringar og retningslinjer	7
3.3	Kommunale føringar og retningslinjer	7
4	UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR, MOGLEGHEITER OG PROBLEMSTILLINGAR (Kvinnherad i dag, informasjon og statistikk)	9
4.1	Areal og plassering	9
4.2	Folketal og busetnad	9
4.3	Flyttemønster og innvandring.....	9
4.4	Kjønnsfordeling	9
4.5	Pendling.....	9
4.6	Næringsstruktur, offentleg og privat sektor.....	9
4.7	Nyetableeringsgrad	10
4.8	Arbeidsplassdekning.....	10
4.9	Arbeidsløyse	10
4.10	Barnehage og skule	10
4.11	Folkehelse og fritid	10
4.12	Natur, grønstruktur og strandsone	10
4.13	Naturfare	10
4.14	Kommunikasjon og samferdsel	10
4.15	Bustader	10
4.16	Offentlege og allmennyttige føremål.....	10
4.17	Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	10
5	SAMFUNNSDELEN	10

5.1	Hovudtema	10
5.2	Handlingsdel	15
6	Arealdelen	15
6.1	Evaluering av gjeldande arealdel.....	15
6.2	Hovudtema	15
7	METODE OG KARTLEGGING	18
8	KJELDER	18

1 FØREMÅL OG BAKGRUNN

1.1 Mandat

Kvinnherad kommunestyre vedtok 22.03.18 at det skulle startast arbeid med ny kommuneplan for Kvinnherad. Med samfunnsdel og arealdel.

1.2 Bakgrunn

Det er viktig å få på plass ein ny samfunnsdel til kommuneplanen. Vedteken planstrategi seier at arbeidet med ny samfunnsdel skal på plass i kommunestyreperioden.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er kommunen sitt verktøy for strategisk, overordna, langsiktig og heilskapleg planlegging. Samfunnsdelen skal planlegge både for kommunen som samfunn og organisasjonen Kvinnherad kommune.


Gjennom arbeidet med kommuneplanen skal kommunen vektlegge viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling og synleggjere dei strategiske vala kommunen tek. Kommuneplanen skal vera styrande for alt vidare planarbeid i den kommunale organisasjonen.

Planprogrammet er meint å styrkja medverknaden tidleg i planarbeidet og bidra til ein målretta og føreseieleg planprosess. I planprosessen vil det bli lagt vekt på å styrke medverknad og politisk styring av planarbeid, som vil gje kommuneplanen politisk forankring og føre til større plandisiplin og forhåpentleg større forståing av viktigheita til planar blant innbyggjarane.

Vidare er det eit viktig mål for planarbeidet at det vert ei tydeleg kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen, samt kopling ei kopling mellom samfunnsdelen, handlingsplanen og den fireårige økonomiplanen.

Gjeldande samfunnsdel vart vedteken heilt attende i 2000. Det vart starta eit arbeid med revidering av planen i 2005, og i dei påfølgande åra vart det gjennomført ein omfattande prosess med evaluering av gjeldande plan, idédugnadar, visjonsverkstad, scenarioanalyse, temamøte og innspellsamling. I 2014 vart det utarbeidd eit planprogram for ny samfunnsdel av kommuneplanen, men det vidare arbeidet har vorte nedprioritert til fordel for arealdelen av kommuneplanen, ulike utviklingsprosjekt og einskildsaker. Tidlegare innsamla stoff kan nyttast vidare.

1.3 Kva er ein kommuneplan?



1.4 Felles planprosess for samfunnsdel og arealdel

Det skal lagast eit felles planprogram for ny samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen. Samfunnsdelen til kommuneplanen er kommunen sitt verktøy for strategisk orverordna langsiktig og heilskapleg planlegging. Og for å sikre tydeleg kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen, er det blir planarbeidet starta som ein planprosess i eitt planprogram. Det kan likevel tenkjast at det blir to løp seinare i prosessen, men det er viktig å få på plass ein samfunnsdel som eit fundament for arealdelen.

2 ORGANISERING OG MEDVERKNAD

2.1 Organisering

Oppdragsgjevar:	Kommunestyret
Prosjekteigar:	Rådmannen
Styringsgruppe:	Kvinnherad formannskap
Prosjektleiar:	Plankontoret v/Harald Maaland, Kjartan Thoresen og Hildegunn Furdal
Prosjektgruppe/koordineringsgruppe	Leiargruppa
Referansepersonar/gruppe:	Rådmannen sitt leiarforum

2.2 Opplagg for medverknad

Det skal leggjast til rette for medverknad for ulike grupper både i prosessen med planprogrammet og i arbeidet med planen så tidleg som mogleg. Sjølve opplaget for medverknad skal fastsetjast som ein del av planprogrammet. Ein ynskjer ein open, brei og tilgjengeleg medverknadsprosess, og det skal leggjast til rette for alle grupper. Kommunen ynskjer å leige inn ein konsulent til eit folkemøte med tanke på samfunnsdelen, då det er særskilt viktig å få til ein god prosess knytt til dette arbeidet. Vidare vil det bli arrangert temamøter og det vil bli aktiv bruk av heimesida og sosiale mediar for å gje informasjon om planarbeidet. Det vil bli vurdert å leige inn konsulenthjelp til noko av medverknadsarbeidet. Det vert truleg lagt opp til lengre høyringsfristar for medverknad enn det som det er krav om i lova.

2.2.1 Kritiske suksessfaktorar

Politisk forankring og eigarskap til planen vert avgjerande kritiske suksessfaktorar i planarbeidet. For å få politisk styring og politisk forankring av planarbeidet, vil ein tangere ofte med styringsgruppa og rådmannen kjem til å informere både formannskapet og kommunestyret om framgangen og stoda i møta. Vidare vil styringsgruppa gjennomføre silinga av innspel og gjere vedtak. Metode for siling og medverknad vert fastlagt i planprogrammet. I tillegg vil det bli gitt informasjon via andre kanalar, som til dømes

nyheitsbrev eller eiga side på heimesida, som òg vil vera tilgjengeleg for innbyggjarane i kommunen.

Det skal leggast til rette for medverknad for ulike grupper både i prosessen med planprogrammet og i arbeidet med planen så tidleg som mogleg. Sjølve opplegget for medverknad skal fastsetjast som ein del av planprogrammet. Ein ynskjer ein open, brei og tilgjengeleg medverknadsprosess, og det skal leggjast til rette for alle grupper. Kommunen ynskjer å leige inn ein konsulent til eit folkemøte med tanke på samfunnsdelen, då det er særskilt viktig å få til ein god prosess knytt til dette arbeidet. Vidare vil det bli arrangert temamøter og det vil bli aktiv bruk av heimesida og sosiale mediar for å gje informasjon om planarbeidet.

Val av plantema, særleg i arealdelen, vil vera avgjerande for omfanget og ressursbruken på planarbeidet. Om planen kan avgrensast i forhold til nokre tema, kan prosessen truleg gå meir effektivt. Nye byggeområde til fritidsbustad og naust i strandsona vil erfaringsmessig føre til høgt konfliktnivå med regionale og statlege styresmakter. Kommunen bør i denne rulleringa mellom anna prioritere areal til bustad, næring og akvakulturføremål.

2.2.2 Kriterium for siling

Kriterium for siling av innspel til kommuneplanen blir ein viktig del av planprosessen. Det er viktig at det i planprogrammet blir laga tydelege og nyttbare silingskriterium. Kriteria skal vidare nyttast i prosessen med siling som styringsgruppa skal gjennomføra. Silingskriterium skal nyttast til ei grovsiling av innspel til planen. Berre dei innspela som «overlever» grovsilinga går vidare til full vurdering og KU. Av desse vert det silt ut kva byggeområde som skal inn i planframlegget. Dette gjere silinga meir føreseieleg, gjennomsiiktig, samstundes som det gjev god politisk forankring og styring.


God måloppnåing	Akseptabel måloppnåing	Dårleg måloppnåing	Svært dårleg måloppnåing
Ingen konflikt	Lågt konfliktpotensiale	Middels konfliktpotensiale	Høgt konfliktpotensiale

Døme på matrise.

Vi leitar etter god metodikk, så om det er nokon som veit om gode metodar, så hadde vi sett pris på tilbakemelding

2.3 Framdriftsplan

2.4 Vidare prosess



2.5 Utgreiingar

2.6 Ressursbehov

3 Føringar

3.1 Nasjonale føringar og retningslinjer

3.1.1 Nasjonale forventingar

3.1.2 Andre nasjonale føringar

3.2 Regionale føringar og retningslinjer

3.2.1 Regional planstrategi

3.2.2 Fylkesplan?

3.2.3 Andre regionale føringar

3.3 Kommunale føringar og retningslinjer

3.3.1 Planstrategi

Kvinnherad kommune sin planstrategi vart vedteken 26.05.2016. Planstrategien nemner mellom anna desse strategiane:

- I samfunnsplanlegginga skal det leggjast vekt på å samle kommunen og skape samhald.
- Differensiert arealforvaltning slik at dei kvalitetane som unike for kvar bygd kan forsterkast
- Bygge nettverk mellom fritidstilbod, næringslis, helse, skule, kunnskap og marknadsføring
- Ta omsyn til bustadtilhøve og bustadprisar for fyrstegangsetablerarar
- Støtte opp om initiativtakarar som bidreg til å nå kommunen sine strategiske mål.

Planstrategien skal mest truleg rullerast i løpet av 2018, dette då det er kome til mange nye prosjekt som ikkje står i planstrategien.

3.3.2 Kommuneplan

Kvinnherad sin kommuneplan er delt inn i ein samfunnsdel og ein arealdel som tidlegare har vore rullert kvar for seg. Samfunnsdelen skal gje føringar for arealforvaltninga og arealdelen skal ta opp i seg samfunnsmessige utfordringar der dei heng saman med arealbruken.

Samfunnsdelen vart sist rullert med vedtak i kommunestyret i 2000. I 2005 vart det vedteke eit opplegg for rulling av samfunnsdelen og det vart samla inn mykje bakgrunnsstoff, men ferdiggjeringa har vorte nedprioritert til fordel for det omfattande arbeidet som er lagt ned i rulling av arealdelen til kommuneplanen med meir.

Framtil 22.03.2018 var arealdelen til kommuneplanen i Kvinnherad geografisk avgrensa i seks ulike kommunedelplanar med vedtaksdato frå 2003 til 2013. I 2018 fekk ein vedteken ein samla arealdel med felles føresegner og retningsliner for heile kommunen, samt etter same lovverk.

3.3.3 Kommunedelplanar

Tematiske kommunedelplanar som er vedtekne:

- Kommunedelplan for vassforsyning og avløp (2013-2024)
- Kommunedelplan for trafikksikring (2012-2020)
- Kommunedelplan for skulebruk (2016-2028)
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2014-2022)
- Kommunedelplan for Fjelbergsambandet (2012)
- Kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy (2014)
- Kommunedelplan for omlegging av FV 48 Løfallstrand

Tematiske kommunedelplanar som er under arbeid eller skal rullerast

- Kommunedelplan for regionsenteret Husnes - NY
- Kommunedelplan for kulturminner - NY
- Kommunedelplan for ferjesambandet Stord-Kvinnherad - NY
- Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial - NY
- Kommunedelplan for samferdsle - NY
- Kommunedelplan for landbruk - Rulling
- Kommunedelplan for klima og energi - Rulling

3.3.4 Reguleringsplanar

I Kvinnherad kommune er det om lag 250 reguleringsplanar/«bebyggelsesplanar» frå 1965 og fram til i dag.

3.3.5 Andre fagplanar og relevante dokument

- Økonomiplan (2018)
- Rehabiliteringsplan 2008
- Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse 2014
- Omsorgsplan 2010-2020
- Landbruksplan 2004

- Klima og energiplan 2020
- Hovudplan skogsveggar 2013-2025
- Folkehelseoversikta 2015-2019
- Bustadplan

4 UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR, MOGLEGHEITER OG PROBLEMSTILLINGAR (Kvinnherad i dag, informasjon og statistikk)

4.1 Areal og plassering

Kvinnherad kommune er ein vidstrakt kommune og har eit areal på 1506 km². Frå nordaust til sørvest målar kommunen kring 70 km. Kommunen er ein del av Folgefonnhalvøya og ein stor del av Folgefonna ligg i Kvinnherad. Gjennom kommunen ligg Hardangerfjorden. Kvinnherad kommune er ein del av Sunnhordland og ligg tett med Hardangerregionen i nord.

4.2 Folketal og busetnad

Den geografiske hovudtyngda av innbyggjarane er konsentrert rundt Husnes, Sunde, Valen og Sæbøvik i den sørlege delen, og bygdene Rosendal og Uskedalen i den nordlege delen. Dei stadane som har opplevd noko folkeauke ligg i hovudsak på kyststrekka Valen-Rosendal. Her har innbyggjartalet halde seg relativt stabilt dei seinare åra, med ein liten auke i nokre av bygdene. Generelt for heile kommunen har folketalet lenge vore stabilt, med ein liten nedgang, og ein ventar at denne trenden held fram dei neste 20 åra. Når det gjeld befolkningssamansetninga i Kvinnherad er kommunen prega av at delen eldre aukar medan barnetalet går ned, og ein ventar at dette vil halda fram. Folketalet vil altså synke i framtida om utviklinga held fram som i dag.

4.3 Flyttemønster og innvandring

Innanlands netto fråflytting frå Kvinnherad vert i nokon grad kompensert med tilflytting frå utlandet, men delen innvandrarar er lågare i Kvinnherad enn elles i landet

4.4 Kjønnsfordeling

4.5 Pendling

4.6 Næringsstruktur, offentleg og privat sektor

Industri, næring, landbruksnæringa, akvakultur

- 4.7 Nyetableringsgrad
- 4.8 Arbeidsplassdekning
- 4.9 Arbeidsløyse
- 4.10 Barnehage og skule
- 4.11 Folkehelse og fritid
- 4.12 Natur, grønstruktur og strandsone
- 4.13 Naturfare
- 4.14 Kommunikasjon og samferdsel
- 4.15 Bustader
- 4.16 Offentlege og allmenntyttige føremål
- 4.17 Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

5 SAMFUNNSDELEN

5.1 Hovudtema

5.1.1 Næring

Per 30.12.2017 var det 5415 arbeidsplassar i ulike næringar i Kvinnherad. Mest kvar tiande arbeidsplass finst i primærnæringane og Kvinnherad er ein av dei største landbruks-kommunane i Hordaland. Landbruksnæringa går gjennom store strukturelle endringar og vert kraftig effektivisert. Fiskeri er hovudsyssel for ca. ein halv prosent av dei sysselsette. Kvinnherad er ein stor havbrukskommune.

Sekundærnæringane held eit stabilt volum, men det har vore eit markert fall i industriarbeidsplassane det siste tiåret. Det er no ca. 1000 (dette talet må kvalitetssikrast) industriarbeidsplassar i Kvinnherad. I bygge- og anleggsbransjen er det vel 400 (dette talet må kvalitetssikrast) arbeidsplassar. Sekundærnæringane har til saman ca. 1500 (dette talet må kvalitetssikrast) arbeidsplassar. Når Hydro Husnes no aukar produksjonen og tal på tilsette, vil dette truleg føre til ein positiv vekst knytt til industriarbeidsplassar.

I dei tenesteytande næringane held talet på arbeidsplassar seg samla sett stabilt. Det er stor tilbakegang innan transport, finansiering og forsikring, men dette vert i stor grad vege opp av framgang innan varehandel, kommunikasjon og teknisk tenesteyting. Noko avhengig av reknemåte kan talet på arbeidsplassar i den private delen av tertiærnæringa setjast til ca. 1400.

To tredeler av arbeidsplassane er i privat sektor og offentlege føretak og dette ligg noko under gjennomsnittet for Hordaland. Meir enn kvar fjerde arbeidsplass er i kommunal forvaltning; eit særst høgt tal samanlikna med fylket elles. Sysselsettinga i statleg forvaltning ligg vesentleg under nivået elles i Hordaland. Kvinnherad har ei netto utpendling på snautt 750 og ei såkalla arbeidsplassdekking kring 90 %.

Utfordringar:

- Kva typar næring? Og kvar?
- Sikra nok areal for fiskeri- og havbruksnæringa, mineralutvinning, byggjeråstoff
- Datalagring
- Miljøomsyn
- Utbyggingsavtalar?

- Er det aktuelt for kommunen å gå aktivt inn å regulere areal som er kommuneplanlagde, eller omregulere regulerte areal til næring?
- Er det aktuelt å omdisponere areal til næring som er kommuneplanlagt til andre føremål i dag?
- Korleis skal omsynet til nasjonale verdiar vektast mot potensiell og reell samfunnsnytte som kan ligga i nye næringsareal?

5.1.2 Bustad

I Kvinnherad er det generelt lite press på bustadmarknaden. I sentrale strok av kommunen skjer bustadutbygginga i hovudsak gjennom reguleringsplanar, i utkantane i form av spreidd utbygging. Generelt for kommunen er det grunna negativ folketalsvekst lite press på bustadmarknaden, sjølv om dette svingar saman med dei økonomiske konjunkturane. Det er samla sett store ledige areal til bustader, men i nokre område av kommunen er det likevel vanskeleg å skaffa seg bustad, det er det samansette årsaker til.

Heng saman med:

- Bustadplan
- KDP for regionsenter Husnes
- Sjå punkt 5.1.4.

Utfordringar/problemstillingar:

- Korleis vil ein planleggje bustadbygging i Kvinnherad?
- Skal ein differensiere mellom «sentrum» og «periferi» i bustadaugemed?
- Korleis styrke senterstrukturen gjennom bustadbygging?
- Kan bustadutbygging gjere Kvinnherad meir attraktiv?

5.1.3 Samferdsle og transport

Gode vegar og god kommunikasjon er viktig for næringa i Kvinnherad kommune, samt for innbyggjarane i kommunen. I dag er det låg kvalitet på hovudvegane og låg frekvens av ferjer, snøggått og bussar som gjer store utfordringar for næringslivet, arbeids- og fritidsreiser og pendling ut og inn av kommunen. For reiseliv og attraktiviteten er det viktig at det er enkelt å koma seg inn i kommunen, samt å koma seg kring i kommunen. Alle bygdene i kommunen må inkluderast og god infrastruktur er viktig. Samferdsel er eit av dei viktigaste temaa i kommunen. Ein ynskjer å oppretta gode kommunikasjonslinjer innad i kommunen, samt ut mot regionane kring: Sunnhordland, Hardanger, Bergen og Haugalandet og Stavanger, samt mot Austlandet.

Utfordringar/Problemstillingar:

- Korleis leggje til rette for miljøvenleg transport? Effektivt, tilgjengeleg, trygt og miljøvenleg transportsystem
- Korleis utvikle transporttilbodet?
- Betre tryggleiken langs vegane.
- Hyppigare ferjeavgangar. Betre kollektivtilbod (hurtigbåt og buss).
- Per i dag er det ikkje riksveg i Kvinnherad- mål om riksveg?
- Betre gang- og sykkelvegane -> tryggare vegar (færre bilar?), miljøvenleg
- Leggje til rette for gang- og sykkelveg
- Kvinnheradpakken – bompengesøknad snart ferdig.
- KDP for samferdsle er på trappene.

5.1.4 Senterstruktur, tettstadsutvikling og utbyggingsmønster

I «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» er Kvinnherad fastsett som eigen region med Husnes som regionsenter. Kvinnherad kommune har 13160 innbyggjarar i 2018. Av desse bur om lag 8300 personar innan 15 minuttars køyretur frå Husnes sentrum, det utgjør 63% av det totale innbyggjartalet, og då tek ein altså i tillegg til Husnes med bygdene Valen, Sunde og Sæbøvik. Om lag 11600 personar bur innan 30 minuttars køyring frå Husnes, då inkluderer ein Rosendal og bygdene rundt, og dekkjer totalt 88% av innbyggjarane i kommunen (kjelde: Norkart Befolkningsklient). Ein eigen regionsenterplan for Husnes (KDP) er under arbeid. Regionsenteret Husnes skal planleggjast med sterke sentrumsqualitetar, gode tenestetilbod for heile Kvinnherad, tenleg infrastruktur og gode kommunikasjonar.

Rosendal er kommunesenter med rådhus, og ein finn fleire lokalsenter i kommunen.

Mål: Planen skal definere senterstruktur for Kvinnherad.

Utfordringar/Problemstillingar:

- Få senterstrukturen på plass (nærsenter, lokalsenter, osv...)
- Profileringsplan for regionsenteret
- Samkøyring KDP Regionsenter Husnes og Kommuneplan samfunnsdel.
- Kva type bustad?
- Kvar skal bustadane/bueiningane liggja?
- Nytilflyttarar
- Korleis leggje til rette for gode bumiljø?
- Bustadpakken
- Regionsenterplan for Husnes
- Viktig som føring for arealdelen
- Universell utforming

5.1.5 Helse og omsorg

Kommunane har fått aukande ansvar for førebyggjande arbeid. Samstundes får kommunen ansvar for fleire tenester som staten tidlegare hadde ansvaret for. Samhandlingsreforma har gitt nye oppgåver innan kommunal pleie- og omsorgsteneste. Livsstilssjukdomar og endra alderssamansetnad i folkesetnaden er alt synlege utfordringar og vil truleg forsterkast i åra som kjem. Korleis skal kommunen møte denne utfordringa?

KDP for helse og omsorg er under arbeid og arbeidet med den vil vera ein viktig del av arbeidet med ny samfunnsdel

Utfordringar/Problemstillingar:

- Korleis trygge tilfredstillande dekningsgrad og standard på kommunale velferdstenester innanfor økonomisk handlingsrom?
- Sterkare kopling mellom KP, budsjett og økonomiplan?
- Høgt nivå på tenestetilbodet, god kommune å bli gamal i?
- Avklare kva forventingar ein kan ha til den kommunale tenesteytinga?
- Styrkje brukarmedverknaden for menneske med nedsett funksjonsevne?
- Skape kultur for innovasjon?

5.1.6 Gode oppvekst- og læringsarenaer

Full barnehagedekning og desentralisert skulestruktur gjer eit godt utgangspunkt for gode barneår i Kvinnherad, men det er kostbart for kommunen å oppretthalda tilbodet (kompetanse og økonomi).

Barnefattigdomen er aukande. Fritidstilbodet til barn og unge er godt, men kapasiteten er avgrensa. Tenestene i oppvekstsektoren har for lite preg av samhandling. KDP for skulebruk (2016-2028)

Utfordringar/Problemstillingar:

- Korleis sikre gode oppvekstvilkår?
- For lite pedagogisk dekning (dog høgare enn landsgjennomsnittet)
- Gang- og sykkelvegnettet må betrast
- Auka fokus på tidleg innsats for barn som treng det?
- Stadig fleire barnevernsoppdrag blir flytta frå stat til kommune – korleis skal ein klare å følgje dette opp?
- Psykiske vanskar
- Sikre god integrering
- Åtferdsvanskar
- Sikring og opparbeiding av bilfrie stader.

5.1.7 Reiseliv

- Flott og tilgjengeleg natur.
- Rikt kulturliv.
- Potensiale for reiseliv som næring i Kvinnherad.

Utfordringar/Problemstillingar:

- Korleis kan vi best marknadsføre reiselivet vårt?
- Potensiale i sesongutviding
- Cruiseturisme, problem eller moglegheit?
- Kva slags reiseliv vil ein ha?

5.1.8 Klima og miljø

Klimaprofilen for Hordaland viser at det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekost, som igjen vil føre til meir overvatn. Det er venta fleire og større regnflaumar, og det er auka fare for ras som følgje av auka nedbørsmengder. Det er mogeleg at trass meir nedbør, kan høgare temperasturar og auka fordamping auke fare for tørke om sommaren. Med varmare og våtare klima vil snøgrensa bli høgare og regn vil oftare falla på snødekt underlag. Dette reduserer faren for tørre snøras, men faren for våte snøras vil auke i rasutsette område.

Kommunen må arbeide for å redusere klimagassutsleppa samstundes som kommunen må førebu seg på klimaendringar og gjer klimatilpassingar for framtida.

Verknader av fiskeoppdrett i fjordane, klimagassutslepp frå transport og landbruk, og vern av naturtypar og landskap er miljøutfordringar som kommune fokuserar på (planstrategi).

Utfordringar/Problemstillingar:

- Målretta arbeid for uke sykkel-, gang- og kollektivtrafikken.
- Klimasmart landbruk
- Kva strategi har ein for klimasmart landbruk?
- Korleis gjennomføre tiltak for å betre miljøet og redusere klimagassutsleppa?
- Leggje til rette for miljøvenleg transport?
- Naturen som ressurs?
- Biologiske mangfaldet?
- Miljørapportering?
- Kunnskapsformidling?
- Rullering av klima og energiplan (KDP)

5.1.9 Folkehelse

God folkehelse blir skapt gjennom god samfunnsutvikling. Samstundes er folkehelse ein viktig faktor for god utvikling. Kvinnherad kommune har gjort ei folkehelseoversikt og denne vil bli sentral i planprogrammet i lag med kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2022. Kvinnherad kommune har utfordringar innan levevanar og helse og sjukdom (Folkehelseoversikt og Folkehelseprofilen for 2018).

Utfordringar/Problemstillingar:

- Utfordringar knytt til psykiske helse og livsstilssjukdomar – korleis førebyggje psykisk uhelse?
- Natur – innbyr til fysisk aktivitet
- Førebygging av sjukdom og jamne ut sosiale ulikskapar
- Gode bu- og oppvekstvilkår, gode skular og barnehagar, trygge arbeidsplassar, varierte tilbod, nærleik til natur og friluftsområde
- Førebyggjande helsearbeid og miljøretta helsevern
- Korleis styrke innbyggjarane sin livskvalitet?

5.1.10 Kultur, idrett og fritid

Kvinnherad kommune har ein visjon om at alle innbyggjarane i Kvinnherad skal oppleve at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vera fysisk aktive i naturen, nærmiljøet og i idrettsanlegg, uansett alder og behov (KDP for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2022). Prioriterte målgrupper i Kvinnherad der born, unge, menneske med nedsett funksjonsevne og dei inaktive.

Høgt aktivitetsnivå innan idretts- og kulturlivet.

- Friviljuge lag og organisasjonar
- Festivalar
- Friviljugplan
- KDP for kulturminne er under arbeid
- Rullering av «Kartlagde og verdsette friluftslivsområde»

Utfordringar/Problemstillingar:

- Korleis ta vare på og utvikle gode kultur-, idretts- og fritidstilbod?
- Utvikle samarbeid og støtte til friviljuge organisasjonar for å redusere fråfall i borne. Og ungdomsidretten og redusere konsekvensen av sosiale skilnader
- Kultur (medrekna biblioteket) som ein viktig del av integreringsarbeidet?
- Variert fritid.
- Korleis ta vare på og nytte kulturminner og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi?
- Tilskotsordningar?
- Skape arenaer so stimulere til aktivitet for alle grupper?

5.1.11 Attraktivitet

Kvinnherad kommune opplev ein svak befolkningsnedgang. Og prognosane viser at dette vedvarar. Den lokale natur- og kulturarva gjer nokre føremoner når Kvinnherad skal marknadsførast som buområde, arbeidsområde, idretts- og fritidsområde og reiselivsområde.

Utfordringar/Problemstillingar:

- Kven vil kommune vera attraktiv for?
- Korleis skal kommunen bli attraktiv?
- Utfordring å få tilflytting
- Attraktive bumiljø (variasjon?)
- Kultur og natur
- Festivalar
- Korleis arbeide for eit godt omdøme?

- Reiseliv
- Kunnskap og kompetanse
- Attraktivitet for kven?
- Differensiert arealforvaltning
- Bygge nettverk mellom fritidstilbod, næringsliv, helse, skule, kunnskap og marknadsføring.
- K at Kvinnherad ligg mellom Hardanger og Sunnhordland?

5.1.12 Samfunnstryggleik og beredskap

Kvinnherad kommune har ansvar for å ivareta innbyggjarane sin tryggleik gjennom lov om kommunal beredskapsplikt. Beredskapsplanen (Sivilbeskyttelseslova § 15) til Kvinnherad kommune vart vedteke i 2016, medan den overordna ROS-analysen er frå 2014.

Status i kommunen tilseier at vi må vere budde på fleire alvorlege naturhendingar enn før på grunn av mellom anna ekstremnedbør, flaumar, ras og høgare havnivå. Det kan føre til store naturulukker og alvorlege skadar på viktig infrastruktur med til dels omfattande konsekvensar for både liv og helse og økonomi. Klimaendringar vil gje gradvise endringar som vil få konsekvensar for helsetilhøve, jordbruk, fiskeri, samferdsel, bygg, anlegg og naturmangfald. Alvorlege epidemiar og atomulukker representerer det største potensiale for akutt helsefare.

Utfordringar/Problemstillingar:

- Kva mål og strategiar skal kommunen ha for arbeidet med samfunnstryggleik?
- Utredning? Faresonekartlegging
- Klimatilpassingsarbeid
- Kunnskapsformidling?
- Rullering av *Overordna ROS* (planstrategien seier 2018)

5.2 Handlingsdel

Handlingsdelen av kommuneplanen syner konkret korleis kommunen følger opp samfunnsdelen av kommuneplanen i dei fire påfølgjande åra. Dette vert sett saman med økonomiplanen for kommunen. Handlingsdelen skal òg koplatt opp mot det årlege kommunebudsjettet.

- Handlingsdel som verktøy for kommunen
- Handlingsdelen, samkøying med 4-årig økonomiplan
- Årleg handlingsplan integrert med årsbudsjett

6 Arealdelen

6.1 Evaluering av gjeldande arealdel

K KDP til 1 KPA. Vurdere om å ta ut byggeområde som ikkje er realisert.

6.2 Hovudtema

6.2.1 Næring

Det blir viktig å setje av rett areal til rett næringsføremål i tråd med det som kjem fram i samfunnsdelen under temaet. Sikring av areal til eksisterande næring, særleg knytt til maritim industri mv, men òg leite etter potensielle næringsareal til nye næringar som til dømes hydrogenproduksjon, datalagring mv. Akvakulturnæringa blir handsama som eige tema under.

Utfordringar/problemstillingar:

- kva typar næringsareal treng vi meir av?
- må det ha tilkomst sjøveien?

- Bør det leggjast inn næringsareal knytt til energikjeldene våre? Hydrogensatsing mv?
- Skal det satsast på utviding av eksisterande næringsareal, eller skal vi sjå etter heilt nye større areal?

6.2.2 Bustad

Bustad vert eit sentralt tema i rulleringa. Vi veit at det ligg store reservar med bustadareal i arealdelen i dag. Ein del av dese areala har lagt inn i mange år utan å bli realisert. Føringane frå samfunnsdelen blir viktige her.

- Analyse av bustadbehov?
- Analyse av tilgjengeleg areal?
- Areal på rett stad?
- Overskot av bustadareal?
- Bygg vidare på bustadplanen (vedteken 2018)

6.2.3 Akvakultur

Kvinnherad er ein stor akvakulturkommune i nasjonal målestokk. Kommunen har både setjefiskproduksjon, stammfiskanlegg, matfiskanlegg, i tillegg til eit lakseslakteri på Sunde. Næringa er såleis stor og viktig for næring og arbeidsplass i kommunen som gjer store økonomiske ringverknadar. Planmessig er det ei aukande utfordring å sikre god sameksistens for dei stadig veksande akvakulturinteressene med alle dei andre som brukar sjø og sjønære areal i kommunen. Næringa har i dag store utfordringar særleg knytt til sjukdom, lakselus og korleis dette påverkar vill laks og aure i Hardangerfjorden. Dei fleste konsesjonane er på matfiskanlegg; laks, aure og regnbogeaure. Næringa er i endring og dette må ein ta omsyn til i kommuneplanen. Miljøet er viktig, og mangfaldet i sjøen må spela ei viktig rolle, samstundes som ein må leggje til rette for næringa.

Utfordringar/problemstillingar:

- Lukka anlegg?
- Trong for nye typar lokalitetar?
- Anlegg på land og nær land? Landbasert produksjon.
- Sjukdomshandtering?
- Dialog med næringa- kva er det behov for?
- Kystsoneplan
- Korleis skal akvakulturtemaet handterast i KU?

6.2.4 Småbåthamner og fellesanlegg i sjø

I dag er det i liten grad planlagt på sjøside framføre naustområda, noko som medfører mange dispensasjonar for tiltak som brygge, kaiar, flytebryggjer, slipp mm.. Kommunen ynskjer å finne eit grep som kan gje innbyggjarane moglegheit å leggje båt ved kai, men då som fellesanlegg i sjø og småbåthamner.

Utfordringar/Problemstillingar:

- Områder for småbåthamner og fellesanlegg i sjø
- Andre moglegheiter?
- Korleis få fleire reguleringsplanar?
- Viktig å ta vare på ålmenta sin tilgong til stranda, særskilt i tettare bebygde område

6.2.5 Allment friluftsliv og grøntområde

Kommunen har eit mangslunge og variert landskap, frå skjergardidyll med øyar og lune vikar i sørvest til høgfjell, tronge fjordar og bratte dalsider i nordaust. Delar av Folgefonna nasjonalpark ligg i Kvinnherad. I samband med kraftutbygging er det bygd bilveggar høgt til fjells, og fjellheimen er lett

tilgjengeleg for dei fleste. Kring i kommunen er det opparbeidde turstiar og tilrettelagde badeplassar. Kommunen har fleire mindre mindre statlege sikra friluftslivsområde og ein stor del av kommunen er kartlagt og vurdert som svært viktig eller viktig friluftslivsområde (Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde). Mykje av dette er fjellområda med Folgefonna og fjordområda rundt Halsnøy.

Utfordringar/Problemstillingar:

- Grøne lunger i tettbygde strok
- Sikre «100-meters skogane»
- Rullering av «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde». – få det inn i KPA der dette allereie ikkje er gjort.
- Kartlegging av kantvegetasjon - klassifisering

6.2.6 Offentleg og privat tenesteyting

Kvinnherad kommune er ein relativ stor kommune og menneska bur spreidd. Desentralisert organisering av dei store sektorane grunnskule og pleie og omsorg gjer kommunen strukturelle utfordringar. Det er potensiale for betre koordinering av ulike tenesteområde for å gje brukarane eit heilskapleg tilbod.

Målet er at Husnes skal utvikle seg til å bli eit tydeleg regionsenter med mange av dei tenestane som eit regionsenter skal innehalda (KDP for regionsenteret Husnes).

- Kva strategi skal Kvinnherad ha til plassering av tenester/funksjonar?
- Korleis skal ein forbetre kommunen si digitale kontaktflate med publikum og brukarar? (sjølvbetjeningsløyisingar)
- Kvar trengs det mindre areal, kvar trengs det meir?

6.2.7 LNFS-område i strandsona

Då gjeldande arealdel vart vedteke 22.03.2018, var det utan byggjegrænse mot sjø i LNFS-områda. I kommunen ligg det mange eigedomar innanfor 100-meters beltet mot sjø, og det er ynskjeleg at desse eigedomane skal ha moglegheit å utviklast utan at det må søkjast om dispensasjon frå bygge- og deleforbodet (pbl. § 1-8), innanfor gitte rammer (sjå føresegner i gjeldande KPA). Mange av eigedomane som i dag ligg i LNFS-område, låg tidlegare med bustadføremål-frimerke i LNF-område. Frimerke-planlegging er ikkje ynskjeleg. Ein del eigedomar låg som frådelte bustadeigedomar, men i LNF-føremål.

Grep/utfordringar:

- Strandsoneanalyse

6.2.8 Handtering av overskotsmassar

Handtering av overskotsmassar får stadig meir merksemd, og det utfordrande for utbyggingsprosjekt å finne stader å plassere overskotsmassar. Samstundes er det særst stor optimisme knytt til landbruket i kommunen og stadig fleire bønder søkjer om nydyrking og forbetring av allereie eksisterande dyrka mark. Det bør vere eit mål for kommunen å kople dette saman, og leggje til rette for denne type samarbeid. Kvinnherad kommune ferdigstiller i desse dagane ein bompengesøknad for Kvinnheradpakken. Etter kvart som arbeidet med samferdsleprosjekta knytt til pakken tek til, vil behovet for plassering av overskotsmassar auke.

Utfordringar/problemstillingar:

- Skal det utarbeidast reguleringsplanar?
- Kvar reguleringsplan bør ta for seg handtering av overskotsmassar? Utvide reguleringsplanen for å regulere plasseringa for massane?
- Kan ein ha føresegner i KPA knytt til handteringa?
- Fordeling av overskotsmassar?

- Landbrukskontoret si rolle i dette?
- Kva med ureine massar? – Bør planleggast eit område for ureine massar, samt handtering?
- Lagast eigen temaplan?
- Korleis gjennomføre tilsyn med HFK på massedeponi? (flaskehals i dag)

7 METODE OG KARTLEGGING

7.1.1 Verdi- og konsekvensutgreiing

7.1.2 ROS-analyse

7.1.3 Strandsoneanalyse

7.1.4 Flaumfaresonekartlegging

7.1.5 Utgreiing kring akvakulturnæringa

7.1.6 Moglegheitsstudie i Mauranger

8 KJELDER

Hordaland fylkeskommunen: Statistikk.i.vest.no

Folkeshelseoversikta 2015-2019 til Kvinnherad kommune

KDP for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2022

Folkehelseprofil for Kvinnherad

Bustadplan

Klimaprofil Hordaland 2017